

Ja, stormandsgalskap

Tone: Blant alle lande i aust aa vest

1) Ja stormandsgalskap det er vel so
ein altformykje faar sjaa paa no
den veks aa mannast aa vist den blannast
i hop med blo

2) Ja no i verdi er mangt aa sjaa
so mykje so ein maa undrast paa
da vert for gale, det nationale
ein vyr 'kje paa

3) So mangt ein segje, so mangt ein skriv
so mang da er som i hugen sviv
ei fæla roting, ei skrærmleg tjoting
aa avis-kiv

4) Naar ein i rukkur aa saumar sjaa
so er dar mykje aa skræmast taa
so mykje laging, so mykje knaging
aa herskeklaa

5) Jau stormandsgalskap da finn ein no
i hatt aa hue i brok aa sko
i mat aa pleie, i kniv aa skeie
i kjøt aa blo

6) Du ser ein bonde, du ser ein præst
du ser ein sele uppaa ein hest
du ser ein hyvel, du ser ein styvel
da er 'kje verst

7) Du ser ein lækmand, du ser ein bisp
du ser paa kragar, du ser paa slips
du ser paa dragte, du ser paa akte
du ser da vist

8) Du ser paa koppar, paa kar aa krus
du ser paa akte i drykk aa dus
du ser dei krøta, du ser dei brøta
med store hus

9) Men ein ting er 'kje so lett aa sjaa
kvar alle krunorna kjem ifraa
kven so betala aa kven so bala
for dei aa faa

10) Jau stormandsgalskapen mykje krev
so einkvan er det so slit og grev
den store massen, de' arbeidsklassen
sit slit aa strev

11) Men tenk naar sveitten di dryp taa deg
sit mange kvilde aa kosar seg
dei er med huse, med kar aa kruse
ein gilde veg

12) Sjaa aag me hava ei heile horg
so tek sin galskap paa laan aa borg
so berre brælar til upp dei spelar
i sut aa sorg

13) Ja stormandsgalskap staar no flor
florera rikleg i i gjerd aa ord
ein storleg bræla, ein kan aag stæla
ein er forgjord

14) Da hende aag at ein baklengs fell
da hende aag at ein svelt i hel
da er det gilde, da er 'kje illa
ein fær daa vel

15) Det soleis gjeng med den enkle mann
det soleis gjeng med det heile land
naar fuglekongen var høgast komen
daa tumla han

16) Ei kan 'kje undrast det soleis gaar
naar stormandsgalskap da heila raar
da er for illa, so lukka spilla
paa potteskaar

17) Naar arbeidsklassen den gjeng seg trøytt
aa folkets midlar paa galskap øydt
for heila bale, det gjenge gale
da er 'kje søtt

18) Ein kan 'kje undrast um skjend ein faar
naar so ein stelle ein unda gaar
for heila stræve ein illa leve
aa magtlaus staar

19) Tenk paa ein keisar, men helst paa meg
so bryt paa aaker aa byggjer veg
for han er laga, dei feite haga
men kva faar eg

20) Eg meinar dei so paa havet fær
aa dei som ryggjar aa slit aa bær
ein aag maa løna, ein maa no skjøna
dei merjen er

21) Kva vil du finna paa verdens torg
var ikkje bonden med grev aa dorg
ein maatte gripa, til stav aa kipa
den heila horg

22) Eg meinar dei so for styre staar nei peng
for landsens skattar aa pengar raar
maa pengar gjeva til dei so stræva
for føda vor

23) Ein treng daa ikkje al verdens skyn
aa døma kven skal ha etterløn
nei pengakassen aa arbeidsklassen
er far aa søn

24) Ein hev gjort hjarta so stort aa svert
at lekame da forlite vert
sjaa ned paa marki, aa stopp med sparki
faa live kjær